

Strilen Våren 1963

Kva skal barnet heita?

(Skriven 7/12 1962.)

Sume kjenner vel ein liten trong — san
å få høyra ein kommune-song — san
Kva skal barnet heita? Enno ingen veit da.
Men det kjem nok for ein dag ein gong — san
Namne-val — san, Halihal — san,
bar oss berre opp i sut og kval — san.

Namneframlegg hadde me ein flokk — san.
Skulde tru me hadde meir enn nok — san.
Men so stor usemja kan kje namnet fremja.
Vår «prestisje» fekk for stort eit sjokk — san.
Skal det gå — san, må me sjå — san,
burt frå eigenbaten, no og då — san.

Inn i eit kulturdepartement — san,
sit der visst ein namnekonsulent — san.
Han skal no få herja, vera vår laverja.
Eigne ynskje tel kje for ein cent — san.
«Paff» me stod — san, ingen lo — san,
lika dette berre so som so — san.

No fær ingen tykkja det er leidt — san,
om der kjem på tale berre eitt — san.
Konsulenten veit kva heradet skal heita.
«?» er både fagert, stutt og greidt — san.
Sårt, men sant — san, at i blant — san
kan ein halihala seg til fant — san.

Johs. M. L. Rydland